

Skulebesøk på Bø Museum:

Torsdag 21. oktober hadde Bø Museum besøk av klasse 10 a, Bø ungdomsskule. Dei såg utstillinga "Skibygda Bø". Men først var det saft og bollar, som smaka godt etter å ha gått frå ungdomsskulen til Oterholt. Etter utstillinga gjekk turen til Kvennøya, der det var grilling og kos denne fine haustdagen.

Lokalhistorie på Bø Museum. Femte klassetrinn ved Folkestad skule var på Bø Museum 7. oktober, og det var med ein ekstra elev som var på haustferie i Bø. Halve dagen lærde elevane å spikke si eiga leike. Nokre små kutt i fingeren blei det, men lærar Mari Fallet Mosand hadde plaster klart. Andre halvdel av dagen var elevane i det gamle butikklokalet på Åheim Landhandel. Dei spela enkle rollespel og fekk moglegheit til å leve seg inn i livet i gamle dagar, under kyndig instruksjon av lærar Birgitte Storaker. I september hadde 5. klassetrinn på Bø skule tilsvarande undervisningsdagar. Til føremiddagsmaten koka frivillige ved Bø Museum vassgraut, noko som fall i god smak hos mange av elevane.

Baking av brød. Sjette klassetrinn ved Bø skule og Folkestad skule har også vore på Bø Museum i haust, dei baka brød i den gamle steinomnen. Elevane fekk med seg kvart sitt nybaka brød heim. Medan brøda stod til heving, fortalde lærar Bjørg Momrak om gamal reiskap som er i eldhuset på Åheim, og korleis den blei bruka. Bjørg fortalde også om mjøl og mjølsortar, og mjølk og mjølkeprodukt.